

Per Jarle Valvatne (A) har i e-post av 25.08.2020 sett fram følgjande spørsmål:

«I sumar har me gjennom oppslag i media blitt gjort merksame på dei store utfordringane på RV 13 mellom Bjotveit og Kinsarvik. Dette er ein veg med svært smal vegbreidde og ein relativt høg ADT i sumarhalvåret. I tillegg er det slik at det er mange punkt der vegen er så smal at det ikkje let seg gjere å få til ei passering mellom eit stort kjøretøy og ein normal personbil, noko som fører til at trafikken i periodar stoppar heilt opp. Kan rådmannen gjere greie for om han er kjend med planar for utbetringar på denne strekninga?»

Opplysningane nedanfor har vi fått frå Statens vegvesen.

I handlingsprogrammet for gjennomføring av Nasjonal transportplan (NTP) er det sett av midlar til Kinsarvik - Kyrkjeneset i 2021 - 2022. Komande statsbudsjettt vil gje svar på om dette arbeidet kan startast opp i 2021. Når det gjeld strekninga vidare nordover, har det over lengre tid blitt sett på ulike løysingar. I handlingsprogrammet for gjennomføring av NTP 2018-2029 er det sett av 247,9 mill. 2018-kr etter 2023, men dette er til ny vurdering i samband med NTP for 2022 - 2033.

I komande NTP er det lagt til grunn ein kombinasjon av tunnel og veg i dagen. Dette er kostnadsrekna til 1,3 mrd. 2019-kr og omfattar heile strekninga frå Kyrkjeneset til Bu. Prosjektet er ikkje med i Statens vegvesen sitt oppdrag 9 til NTP 2022 - 33 pga. for låg samfunnsnytte.

I samråd med Ullensvang kommune har Statens vegvesen starta førebuande arbeid med prosjektering på strekninga Kinsarvik - Kyrkjeneset i samsvar med handlingsprogrammet for gjennomføring av NTP og i samsvar med godkjent reguleringsplan.

For strekninga Kyrkjeneset - Bjotveit som nok er den delstrekninga som skapar mest problem, har Statens vegvesen invitert kommunen til eit samarbeid om å få gjennomført strakstiltak. Kommunen har sagt seg villig til å behandle dette som enkeltsaker etter plan og bygningslova utan reguleringsplan, men dette føreset frivillig grunnavståing. Det er sett av 19,9 mill.kr til fornying på strekninga Kinsarvik - Kyrkjeneset i handlingsprogrammet for gjennomføring av NTP 2021. Desse kan ein vurdere å flytte til Kyrkjeneset - Berget, men det må avklarast gjennom arbeidet med statsbudsjetttet.